



Meland kommune

Økonomiplan 2019-2022

Rådmannen sitt framlegg 31.05.2018

Endringar lagt inn 12.06.2018 markert med gult

Vedlegg:

1. Framlegg (tabellar) til nye tiltak og endringar frå tenesteområdeleiarane og rådmannen sin prioritering av desse.
2. Kommenterar til framlegg til endringar og nye investeringar i økonomiplanperioden

Innhald:

1.	Framlegg til vedtak	2
2.	Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019-2022.....	2
2.1.	Hovudmål for utviklinga – Meland på veg inn i Alver kommune	2
2.2.	Prognose for folketalsutviklinga 2019-2022.....	2
2.3.	Utfordringar.....	3
4.	Netto driftsramme for tenesteområda	4
6.	Investeringar økonomiplan 2019-22	6
6.1.	Auke i renter og avdrag	6
6.2.	Auke i gjeld i økonomiplanperioden.....	7
6.3.	Detaljert investeringsframlegg	7

1. Framlegg til vedtak

1. Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.
2. Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr. eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert løns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

2. Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019-2022

2.1. Hovudmål for utviklinga – Meland på veg inn i Alver kommune

Hovudmålet for denne rulleringa er å leggje til rette for økonomisk balanse i Meland kommune sin drift, og på denne måten sikre at intensjonsavtalen og omstillingsavtalen sine mål for oppretting av Alver kommune, kan oppfyllest. Eksemplar på mål er å ta bort eigedomsskatten på bustader og hytter, samt sikre dei tilsette mot oppseiing med grunnlag i effektivisering/trong for innsparingar i drifta, knytt til samanslåinga.

Meland kommune har dei siste åra opplevd ei eventyrleg vekst i folketal. Dette har gjort det naudsynt å auke kapasiteten ved fleire av skulane og barnehagane våre. Denne kapasitets-veksten er sikra gjennom godt samarbeid mellom private aktørar og kommunen. Når folkeveksten no har stoppa opp, eller er vesentleg redusert, må vi justere våre ambisjonar for vekst i tenesteproduksjonen og bygningsmasse.

Dette dokumentet synar trong for store reduksjonar i drifta/tenesteproduksjonen for heile økonomiplanperioden. Rullering av økonomiplanen må difor sjåast på som ei oppdatering av nå-situasjonen og bestilling til administrasjonen om å utarbeide framlegg til kor det kan reduserast i drifta, frem mot endeleg handsaming av budsjett for 2019. dei uspesifiserte innsparingane skal så langt som råd er spesifiserast, slik at kommunestyret kan vedta eit ferdig saldert budsjettframlegg i desember 2019.

Kommunen må gjere det den kan for å sikre føreseielege rammer for våre samarbeidspartar og føreseielege lovpålagde tenester til våre innbyggjarar. Rådmannen har difor føreslege å redusere rāmene for investeringane utover i økonomiplanperioden med til saman kr 265 mill. Dette vil kunne redusere dei årlege driftsutgiftene med om lag kr. 10 mill. Alternativt vil vi måtte redusere tal tilsette med 15-20 årsverk. Sjølv dette kuttet er ikkje tilstrekkeleg for å oppnå balanse i drifta og vi må nytte hausten til justere drifta ytterlegare ned i høve opphaveleg plan.

Kommunestyret kan ved rullering av økonomiplanen vedta andre prioriteringar enn dei rådmannen gjer i dette framlegget. Dette kan vere justering av løyvinga til ny kyrkje og/eller løyvingane knytt til ny ungdomsskule. Her kan ein sjå for seg alternativ som tilbygg til eksisterande skule eller vidareføring av midlertidige brakkeløysingar.

2.2. Prognose for folketalsutviklinga 2019-2022

Utvikling i folketal og den demografiske utviklinga er eit viktig grunnlag for å kunne berekne den forventa økonomiske utviklinga for kommunen. Veksten i folketal i Meland kommune vart i 2017 på 0,7%, som er det lågaste sidan 1995. Det er låg folkevekst også nasjonalt. Ny folketalsprognose frå SSB kjem i juni 2018. Den gjeldande prognosen er frå juni 2016, men denne har for høge vekstføresetnader. Rådmannen har difor få gode analysedata som grunnlag for å kunne lage ein god vekstprognose, og vel å leggje til grunn ein årleg

folkevekst på 100 personale årleg (vekst om lag 1,2% per år). I førre budsjett og økonomiplan for 2018-2021 la vi til grunn ein årleg vekst på om lag 2,4%.

Folketalsutvikling Meland kommune 2013 - 2022

Faktiske tal til og med 01.01.2018, prognose fra 01.07.2018

Alle	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
01.01. i året	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 079	8 179	8 279	8 379	8 479	8 579
Endring i året	197	192	76	209	58	100	100	100	100	100	
Endr. i året %	2,7%	2,5%	1,0%	2,7%	0,7%	1,2%	1,2%	1,2%	1,2%	1,2%	
01.07 i året	7 477	7 667	7 789	7 944	8 039	8 130	8 230	8 330	8 430	8 530	
Endring frå året før	257	190	122	155	95	92	100	100	100	100	
Endr. i frå året før	3,6%	2,5%	1,6%	2,0%	1,2%	1,1%	1,2%	1,2%	1,2%	1,2%	

2.3. utfordringar

Arbeidet med samanslåinga til Alver kommune opptek etter kvart en god del administrative ressursar. I framlegget er det lagt til grunn at det må gjerast kutt i rammene til tenesteområda i 2019 med om lag kr 11 mill. for å kunne ha ei drift som går i balanse og samstundes kunne finansiere nye investeringar og nye prioriterte driftstiltak i økonomiplanperioden. Det vert svært krevjande å gjennomføre kutta samstundes som ein skal førebu kommunesamanslåinga. Rådmannen meiner det er viktig å legge opp til at Meland kommune skal gå inn i Alver kommune med eit drifts nivå som er berekraftig på sikt, og vil difor i budsjettarbeidet for 2019 arbeide med innarbeiding av det framlagte kutt-framlegget med konkrete innsparingstiltak, i tråd med politiske vedtak og prioriteringar.

3. Disponible inntekter, skjema 1A

Basert på berekna folketalsvekst og oppdatert prognosemodell frå KS er forventa inntektsnivå framover berekna som i budsjettskjema 1A drift nedanfor. I forhold til førre økonomiplan er forventa framtidig inntektsnivået justert betydeleg ned som følgje av redusert folketalsvekst. På tross av at det er vedteke at Meland kommune vert del av nye Alver kommune frå 1.1.2020 skal kommunen lage økonomiplan fram til 2022 som om kommunen fortsette som frittstående kommune.

Økonomiplan 2019-2022						
Tal i heile 1 000 kr						
Budsjettskjema 1A - drift	Rekn. 2017	Progn. 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022
Skatt på inntekt og formue	193 046	203 774	206 703	208 771	211 226	211 131
Ordinært rammetilskot	238 626	237 026	240 997	247 229	251 774	258 369
Skatt på eigedom	19 147	20 050	20 350	20 550	20 750	20 950
Andre direkte eller indirekte skatter	-	-	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	25 230	1 700	1 700	1 500	1 200	-
Korr inntekter ført i budsjettskjema 1B	-21 629					
Sum frie disponible inntekter	454 420	462 550	469 750	478 050	484 950	490 450
Renteinntekter og utbyte	6 707	6 470	5 800	6 000	6 200	6 200
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	-8 063	-10 100	-11 850	-11 700	-11 250	-10 950
Avdrag på lån	-15 613	-16 800	-19 700	-19 700	-19 700	-19 700
Renteutgifter nye lån frå og med 2019	-	-	-530	-1 700	-3 100	-5 120
Avdrag på nye lån frå og med 2019	-	-	-2 520	-4 360	-6 270	-9 080
Netto finansinntekter og utgifter	-16 969	-20 430	-28 800	-31 460	-34 120	-38 650
Netto avsetninger	5 931	-	-	-	-	-
Netto inntekt til fordeling drift	443 382	442 120	440 950	446 590	450 830	451 800
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	443 382	445 750	440 950	442 120	442 930	443 900
Regneskapsmessig meir/mindreforbruk	-	-3 630	-	4 470	7 900	7 900
% mindreforbruk i forhold til netto inntekt				1,00%	1,75%	1,75%
Auke frie disponible inntekter per år		8 130	7 200	8 300	6 900	5 500
Auke i %		1,8%	1,5%	1,8%	1,4%	1,1%
Sum renter og avdrag nye lån 2019-2022 inkludert i tallene over			3 050	6 060	9 370	14 200

I budsjettskjema 1A er renter og avdrag til nye lån i økonomiplanperioden teke med på egne linjer under netto finanspostar, og oppsummert nedst i tabellen. I 2019 er sum renter og avdrag på nye lån kr 3,05 mill., aukande til kr 14,2 mill. i 2022.

Skatt og rammetilskot er i framlegget til økonomiplan for 2019-22 redusert med kr 10 mill. i 2019, 11,3 mill. i 2020 og 16,7 mill. i 2021 i forhold til veksten lagt inn i førre økonomiplan.

Rammetilskot og skatt	Rekn. 2017	Prognose 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020	Øk-plan 2021	Øk-plan 2022
Øk.plan 19-22	427 725	440 800	447 700	456 000	463 000	469 500
Øk.plan 18-21	427 725	443 400	457 700	467 300	479 700	
Endring fra førre plan		-2 600	-10 000	-11 300	-16 700	

4. Netto driftsramme for tenesteområda

I Budsjettskjema 1A har rådmannen fordelt rammer til tenesteområda med kr 445,75 mill. i revidert budsjett for 2018, sjå nedst i tabellen under.

For å levere eit budsjett i balanse må ramma reduserast til kr 441 mill. i 2019, aukande til kr 443,9 mill. i 2022. For å få dette til er tenesteområda tildelt begrensa midlar til naudsynete nye tiltak, og vi står i tillegg att med eit uspesifisert kutt-behov på kr 11 mill. i 2019, som må fordelast på tenestene i samband med budsjettarbeidet for 2019 som skjer hausten 2018. Det er og mogeleg å fortsette drifta med bruk av disposisjonsfond og dermed legge opp til fortsatt bruk av disposisjonsfondet, men disposisjonsfondet er ikkje stort nok til å dekke dagens driftsnivå utan gjennomføring av kutt-tiltak i økonomiplanperioden.

TO	Rammer per tenesteområde Økonomiplan 2019-2022	Rekn. 2017	Progn. 2018	2019	2020	2021	2022
12	Netto inntekter frå budsjettskjema 1A	443 382	442 120	440 950	446 590	450 830	451 800
10	Politikk/Rådmannskontor	17 264	17 730	17 730	17 730	17 730	17 730
11	Økonomikontor	9 148	9 740	9 590	9 590	9 590	9 590
12	Finansrådet, div. driftskostn.	150	150	100	100	100	100
13	IKT, Brann mm.	15 121	15 530	15 530	15 530	15 530	15 530
14	Rådgjevartenesa	8 426	9 560	9 910	9 760	9 760	9 760
15	Barnehagar - private+tilsyn	83 101	81 460	82 160	82 760	83 360	83 960
19	PPT	2 637	2 980	2 980	2 980	2 980	2 980
20	Kommunal Barnehagedrift	6 537	7 070	7 070	7 070	7 070	7 070
21	Grasdøl skule	13 490	13 820	13 820	13 820	13 220	12 220
23	Ung.skulen og Vaksenoppl.	16 223	17 130	18 330	18 730	18 130	17 530
24	Rossland skule	24 562	25 460	24 860	24 660	24 660	24 660
25	Sagstad skule	31 436	32 180	34 060	35 480	35 980	36 480
26	Vestbygd skule	18 154	19 750	19 750	19 750	19 750	19 750
30	Helse	26 775	27 900	28 500	28 720	28 950	29 390
35	Sosiale tenester (NAV)	11 204	12 360	12 960	13 160	13 160	13 160
36	Barnevern	13 930	11 360	12 360	12 360	12 360	12 360
37	Meland Sjukeheim	45 519	46 030	46 030	46 030	46 030	46 030
38	Meland heimetenester	66 121	64 480	65 980	65 980	65 980	65 980
50	Kulturkontor	9 472	10 640	10 930	11 180	11 230	11 280
60	PUK - Plan, Utbygg., Komm.tekn.	36 970	32 720	33 920	33 180	32 920	32 790
	Kalkulatoriske renter og avskriv. sjølvkost	-12 858	-12 300	-14 600	-14 600	-14 600	-14 600
	Kutt-behov /behov for bruk av disp. fond			-11 020	-11 850	-10 960	-9 850
	Sum netto utgifter per tenesteområde:	443 382	445 750	440 950	442 120	442 930	443 900
	Resultat / endr. disp.fond:	-	-3 630	-	4 470	7 900	7 900
	Overskot i % av netto finans	0,00 %	-0,82 %	0,00 %	1,00 %	1,75 %	1,75 %

Tabellen under viser endring per år. I 2019 reknar vi med auke i netto inntekter med kr 1,9 mill. (ekskl. endring i renter og avdrag på nye lån). Rammene til tenesteområda er i sum auka med kr 8,5 mill. Vi legg inn resultatforbetring på kr 3,6 mill. slik at budsjettet kjem i balanse. Det er og lagt inn renter og avdrag på nye investeringar i 2019 på kr 3,05 mill. For å balansere budsjettet må drifta kuttast med kr 11 mill.

I 2020 reknar vi så med auka inntekter med kr 8,65 mill. Inntektene vert bruk til auka ramme til tenesteområda med kr 2,0 mill., resultatforbetring på kr 4,47 mill. og auke i renter og avdrag på ytterlegare kr 3 mill. Vi må til slutt legge inn uspesifisert kuttbehov på kr 0,8 mill. Til saman i økonomiplanperioden reknar vi så med auka inntekter med kr 23,9 mill., auka ramme til nye tiltak i tenesteområda med kr 10,3 mill., resultatforbetring på kr 11,5 mill. og auke i renter og avdrag med kr 14,2 mill. i forhold til driftsnivået i 2018. For å oppnå dette må en gjennomføre generelle og per i dag uspesifiserte kutt på kr 9,85 mill. i perioden.

Endring rammer per år Øk.plan 2019-2022	Endr. 2018-19	Endr. 2019-20	Endr. 2020-21	Endr. 2021-22	Sum endr. 2018-22
Overføring frå budsjettskjema 1A (ekskl. endr. renter og avdrag nye lån)	1 880	8 650	7 550	5 800	23 880
Politikk/Rådmannskontor	-	-	-	-	-
Økonomikontor	-150	-	-	-	-150
Finansrådet, div. driftskostn.	-50	-	-	-	-50
IKT, Brann mm.	-	-	-	-	-
Rådgjevartenesta	350	-150	-	-	200
Barnehagar - private+tilsyn	700	600	600	600	2 500
PPT	-	-	-	-	-
Kommunal Barnehagedrift	-	-	-	-	-
Grasdalen skule	-	-	-600	-1 000	-1 600
Ung.skulen og Vaksenoppl.	1 200	400	-600	-600	400
Rossland skule	-600	-200	-	-	-800
Sagstad skule	1 880	1 420	500	500	4 300
Vestbygd skule	-	-	-	-	-
Helse	600	220	230	440	1 490
Sosiale tenester (NAV)	600	200	-	-	800
Barnevern	1 000	-	-	-	1 000
Meland Sjukeheim	-	-	-	-	-
Meland heimetenester	1 500	-	-	-	1 500
Kulturkontor	290	250	50	50	640
PUK - Plan, Utbygg., Komm.tekn.	1 200	-740	-260	-130	70
Sum endr. per år før kutt:	8 520	2 000	-80	-140	10 300
Resultatforbedring	3 630	4 470	3 430	-	11 530
Endring kalk. renter+avskr. sjølvkost	-2 300	-	-	-	-2 300
Auke rente og avdrag	3 050	3 010	3 310	4 830	14 200
Endr. kuttbehov per år (+)	11 020	830	-890	-1 110	9 850

5. Disposisjonsfond

Rekneskapen viser at Meland kommune sitt disposisjonsfond per 31.12.2017 er på kr 29,1 mill. Revidert prognose for 2018 viser bruk av disp.fond til drift i 2018 med kr 3,6 mill. og kr 3,45 mill. til investeringar. Fondet er dermed på om lag kr 22 mill. per juni 2018. I 2019 legg rådmann opp til eit budsjett som balanserast ved bruk av fond, i kombinasjon med reduksjonar i drifta.

Disposisjonsfond - prognose	2018	2019	2020	2021	2022
Beholdning 01.01	29 076	21 996	21 996	26 466	34 366
Bruk av fondet til drift	-3 630				
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	-3 450				
Avsetning til fond			4 470	7 900	7 900
Behaldning 31.12	21 996	21 996	26 466	34 366	42 266

Disposisjonsfond - prognose dersom ikkje kutt vert gjennomført	2018	2019	2020	2021	2022
Beholdning 01.01		21 996	10 976	3 596	536
Bruk av fondet til drift		-11 020	-7 380	-3 060	-1 950
Behaldning 31.12		10 976	3 596	536	-1 414

Dersom kutt i drifta som framlagt i kap. 4 over ikkje vert gjennomført vil disposisjonsfondet blir brukt opp i løpet av 2022, og vi vil opparbeid oss eit akkumulert underskot på kr 1,4 mill. ved utgangen av 2022. Kommunestyret har tidlegare signalisert ynskje om å bruke midlar frå disp.fondet til mellom anna breibandsutbygging og andre tiltak/investeringar. Dersom det ikkje vert kutt i drifta og investeringsplanane, syner prognosane at vi ikkje vil ha midlar tilgjengeleg til å finansiere slike tiltak.

6. Investeringar økonomiplan 2019-22

Nedanfor følger oppsummering av framlegget til investeringar i økonomiplanperioden.

Økonomiplan 2019 - 2022 - Investeringar - Oppsummering

Alle tal i heile 1000 kr og inkl. mva

Investeringar i ordinære driftsmidlar	Rev. budsj. 2018	Prosjekt-budsjett	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
IKT	4 750		4 900	2 075	1 800	1 625	1 625	7 125	-
Skular og barnehage	37 463		36 213	15 313	4 000	5 250	161 500	186 063	233 750
Helse, sosial og omsorg	33 080		25 580	19 250	22 500	22 500	-	64 250	-
Kyrkje, kultur og næring	26 375		26 375	10 600	47 750	64 250	-	122 600	-
Teknisk sektor	22 950		22 075	20 138	6 500	6 500	5 625	38 763	31 250
Sum ordinære driftsmidlar:	124 618		115 143	67 376	82 550	100 125	168 750	418 801	265 000
Andre kapitalutgifter:	9 650		9 650	10 650	11 700	12 700	12 700	47 750	-
Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter	134 268		124 793	78 026	94 250	112 825	181 450	466 551	265 000
Vatn	47 440	-	20 790	71 600	47 850	13 300	13 100	145 850	-
Avlaup	16 045	-	11 945	18 100	12 700	9 900	3 000	43 700	-
Sum VA-investeringar:	63 485	-	32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550	-
Sum alle investeringar:	197 753	-	157 528	167 726	154 800	136 025	197 550	656 101	265 000
Finansiering og kapitalinntekter:									
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000		7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000	-
Mottekne avdrag startlån	1 600		1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	-
Mva-refusjon	19 718		17 823	11 475	14 510	18 025	33 750	77 760	53 000
Bruk av disp.fond	3 450		3 450	-	-	-	-	-	-
Bruk av kapitalfond	2 600		1 050	1 050	1 100	1 100	1 100	4 350	-
Lån ordinære driftsmidlar	99 900		93 870	55 901	68 040	82 100	135 000	341 041	212 000
Lån vatn og avlaup	63 485		32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550	-
Sum finansiering:	197 753	-	157 528	167 726	154 800	136 025	197 550	656 101	265 000

Rådmannen har i framlegget til investeringar teke utgangspunkt i førre økonomiplan, justert for endringar som er gjort i revidert budsjett for 2018. Sum investeringar i økonomiplanperioden er kr 656 mill. Framlegg inkludert i førre økonomiplan med kr 265 mill. er sjøvet ut av økonomiplanperioden og lagt inn i kolonna «seinare». Dette fordi rådmannen meiner kommunen ikkje har økonomisk handlefridom nok til å gjennomføre investeringane i det tempo som førre økonomiplan la opp til.

Prosjektsummane er lagt inn inkludert mva. for heile perioden (unnateke investeringane i vatn- og avløp – VA – som er utan mva). Det er vidare gjort ei prinsippending i korleis ein bereknar renter og avdrag på investeringane ved at ein no tek med auke i renter og avdrag i investeringsåret på dei ulike prosjekt med 50% av årseffekten. I førre plan la ein til grunn at renter og avdrag starta opp året etter investeringsåret. Dette er ei tilpassing til prinsippa som også vert nytta av Radøy og Lindås kommunar.

Det er ikkje berekna renter og avdrag på lån til investeringar innan VA, området, då ein legg til grunn at desse vert finansiert med tilsvarande auke i gebyrinntekter.

6.1. Auke i renter og avdrag

Endring renter og avdrag (ekskl. VA)	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
Rentesats	2,00 %	2,00 %	2,00 %	2,00 %		2,00 %
Renter	-530	-1 700	-3 100	-5 120	-10 450	-4 240
Avdrag	-2 520	-4 360	-6 270	-9 080	-22 230	-5 300
Sum Renter og Avdrag nye ordinære driftsmidlar	-3 050	-6 060	-9 370	-14 200	-32 680	-9 540

(Årseffekt)

Investeringsframlegget inneberer ei auke i driftskostnadar per år til renter og avdrag som i tabellen over. Investeringar i 2019 vil auke kostnadane med kr 3 mill., medan veksten per år i 2022 vert kr 14,2 mill. Årseffekten av rådmannen sitt framlegg om å flytte kr 265 mill. i investeringar til seinare er reduksjon av kostnadar med kr 9,5 mill. per år som er innarbeidd i dei ovanfor presenterte tal.

6.2. Auke i gjeld i økonomiplanperioden

Basert på rådmannen sitt investeringsframlegget kan ein berekne framtidig gjeldsvekst slik:

Utvikling gjeldsnivå	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22
Gjeld 1.1 i året	596 000	679 005	808 386	919 916	1 007 246	679 005
Nye startlån	7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000
Lån til ordinære driftsmidlar	93 870	55 901	68 040	82 100	135 000	341 041
Lån til VA-prosjekt	32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550
Bruk av ubrukte lånemidlar	-32 000					
Avdrag	-18 600	-24 220	-26 060	-27 970	-30 780	-109 030
Gjeld ved utgangen av året	679 005	808 386	919 916	1 007 246	1 137 566	1 137 566

Sum gjeld ved utgangen av økonomiplanperioden er berekna å bli kr 1.138 mill.

Sjølv med dei reduksjonar i investeringsbudsjettet som rådmannen gjer framlegg om vil gjeldsnivået altså nær doblast i økonomiplanperioden fram til 2022, og kommunen vert svært sårbar for auke i rentenivå.

Renteauke på 1% inneber auka renteutgifter per år med meir enn kr 11 mill. i 2022.

6.3. Detaljert investeringsframlegg

Tabellen på dei 2 siste sidene viser detaljert investeringsbudsjett per prosjekt i økonomiplanperioden.

Framlegget er i trå med kommunestyret sitt vedtak i budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021, men slik at prosjekt på til saman kr 265 mill. er skjøve ut i tid, og teke ut av framlegget til økonomiplan for perioden 2019-22. Sjå siste kolonne i tabellen.

I første kolonne står vedteke investeringsbudsjett for 2018 etter siste revisjon i kommunestyret 2. mai 2018. Kolonna prosjektbudsjett viser kommestyret si vedtekne ramme for det einkilde prosjekt (inkl. mva) uavhengig av investeringsår. Prognose for 2018 viser oppdatert framlegg til investeringsbudsjett for 2018 i forhold til revidert budsjett. Dei største endringane er at prosjekt 356 – spesialtilpassa utleigebustader /småhus er flytta frå 2018 til 2019, samt at Sum VA-prosjekt i 2018 er redusert frå 63,5 mill. til 32,7 mill. Sjå vedlegg 2 for nærare kommentarar. Deretter visast framlegget for kvart av åra i økonomiplanperioden 2019-2022, og ei eigen kolonne for sum investeringar i denne perioden.

Følgjande prosjekt vert særskilt kommentert:

- **Prosjekt 262 – Ny ungdomsskule inkl. tillegg til basseng, bibliotek, gymsal og kultur:**
Prosjektet er lagt inn med totalt kr 400 mill. inkl. mva i førre øk.plan. Av dette gjer rådmannen framlegg om utsetting av kr 234 mill. til «seinare» som følgje av dei økonomiske framtidsutsiktene som ligg til grunn i økonomiplanen. I tillegg står det att betydeleg med planlegging og prosjekteringsarbeid for å kunne definere ei reel kostnadsramme for prosjektet. Det er heller ikkje avklart plassering og regulering av areal til dette skulebygget, og redusert vekst i folketal vil kunne skyve behovet for ny skule ut i tid.

Rådmannen varslar og at det i samband med rullering av økonomiplanen, eventuelt i samband med budsjettbehandlinga for 2019, kan verte behov for å ta ut heile prosjektet dersom den økonomiske situasjonen vert vanskelegare, eller ein på anna måte finn å måtte prioritere dei økonomiske midlane på ein anna måte enn i den framlagte økonomiplanen.

Prosjektet må og sjåast i samanheng med prosjekt 263 – Auka kapasitet Meland Ungdomsskule. Dette prosjektet gjeld bygging av ein midlertidig paviljong til ny ungdomsskule er ferdig. Dersom

kommunestyret vel å utsette bygging av ny ungdomsskule ytterlegare eller ta ut dette helt frå økonomiplanen, kan det bli behov for meir permanent utviding av nåverande ungdomsskule, og behov for auka midlar til prosjekt 263. Dette kjem rådmannen i så fall attende til.

Rådmannen peikar i den samanheng på at berekning av budsjett til ny ungdomsskule og basseng og gymsal mm. med kr 400 mill. (prosjekt 262), samt til midlertidig løysing for Meland Ungdomsskule med kr 14,25 mill. (prosjekt 263) begge er budsjettsummar, og ikkje ferdig kostnadsrekna prosjekt.

Prosjektet er tenkt delfinansiert med sal av den gamle ungdomsskulen og området rundt. Dette ligg ikkje inn i økonomiplanen av det vert realistert først etter ferdigstilling av ny ungdomsskule. Vi har per i dag ikkje gjort anslag på kva marknadsverdien er på eigedommen.

- Prosjekt 581 – Arbeidskyrkje
Rådmannen har beholdt førre økonomiplan sine løyvingar til ny arbeidskyrkje på Frekhaug, men i forhold til å redusere investeringsnivået til eit økonomisk forsvarleg nivå kan utsetting av dette prosjektet også vurderast. Det er i framlegget til økonomiplan ikkje funne rom for auka driftsmidlar til dette prosjektet. Behovet er skjønsmessig vurdert til å ligge på om lag kr 1,0 mill.- per år.
- Prosjekt 796 - Oppgradering Frekhaug sentrum
Prosjektering med kr 1,75 mill. ligg inne i økonomiplanperioden, medan kr 31,25 mill. er utsett. Dette gjev betre tid til planlegging av prosjektet.

Sjå vedlegg 2 for ytterlegare kommentarar til investeringsframlegget. I vedlegget har vi teke med endringar i forhold til førre økonomiplan, medan prosjekt som ikkje er endra i forhold til økonomiplanen for 2018-2021 ikkje er kommentert.

Økonomiplan 2019 - 2022 - Investeringar

Alle tal i heile 1000 kr og inkl. mva

nr	Investeringar i ordinære driftsmidlar	Rev. budsj. 2018	Prosjekt-budsjett	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
	IKT	4 750		4 900	2 075	1 800	1 625	1 625	7 125	-
100	IKT diverse direkte invest kommunen	750	Årleg	750	750	750	750	750	3 000	
101	IKT-prosjekt via IKT NH	1 500	Årleg	1 500	500	500	500	500	2 000	
109	Digitalisering av eigedomsarkivet	1 625	1 625	1 625					-	
256	Datautstyr skulane	625	Årleg	625	625	375	375	375	1 750	
	Digital Transformasjon skulane		525	150	200	175			375	
111	Datautstyr - Real fagsstrategi	250	200	250					-	
	Skular og barnehage	37 463		36 213	15 313	4 000	5 250	161 500	186 063	233 750
253	Tilbygg Grasdøl skule	1 500		1 500					-	
254	Tilbygg Sagstad skule	12 238		12 238					-	
257	Uteområde skular	475	Årleg	475	250	250	250	250	1 000	
261	Uteareal Sagstad skule	20 000	20 000	20 000					-	
262	Utgreiing/planlegging ungdomsskule	1 250	312 500	1 250		2 500	2 500	125 000	130 000	181 250
262	Styrking ungd.skule, basseng, bibliotek, gym.sal, kultur.	1 250	87 500					35 000	35 000	52 500
259	Skifte tak Vestbygd skule	750		750					-	
263	Auka kapasitet Meland ungdomsskule				14 250				14 250	
	Ny barneskule Frekhaug /alt. utviding Sagstad - (utgreiing)					1 250	1 250		2 500	
	Nytt ventilasjonsanlegg Grasdøl skule				813				813	
	Ny barneskule Flatøy (utgreiing)					1 250	1 250		2 500	
	Helse, sosial og omsorg	33 080		25 580	19 250	22 500	22 500	-	64 250	-
350	Utleigebustader for vanskelegstilte	17 330	Årleg	17 330	10 000	10 000	10 000		30 000	
351	Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	4 750		4 750	875	12 500	12 500		25 875	
355	Utgreiing nye omsorgsbustader Frekhaug	625		625	-	-	-		-	
356	Spesialtilpassa utleigebustader/småhus	7 500			7 500	-	-		7 500	
354	Balkong omsorgsbustader Meland rådhus	875		875	-	-	-		-	
376	Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering	1 250		1 250	-	-	-		-	
377	Takheisar Meland sjukeheim	750		750	-	-	-		-	
	Nytt ventilasjonsanlegg Meland sjukeheim				875				875	
	Kyrkje, kultur og næring	26 375		26 375	10 600	47 750	64 250	-	122 600	-
570	Utviding av kyrkjegard	1 100		1 100	1 100	14 000	8 000		23 100	
578	Kjøp av sentrumsareal	3 500		3 500	-	-	-		-	
579	Nytt varmeanlegg og kabelnett	3 125		3 125	-	-	-		-	
581	Arbeidskyrkje - kommunalt tilskot	625	87 500	625	625	30 625	56 250		87 500	
556	Restaurering av meieribygget	15 575	20 575	15 575	5 000	-	-		5 000	
557	Turstiar/lyssette turløypar	625		625	2 500	3 125	-		5 625	
559	Aktivitetsområde Frekhaug torg	1 000		1 000	-	-	-		-	
558	Parkering/rasteplassar	625	-	625	625	-	-		625	
	Overbygg scene/amfi Frekhaug torg				750				750	
544	Areal ro- og jollesegling	200		200	-	-	-		-	
	Teknisk sektor	22 950		22 075	20 138	6 500	6 500	5 625	38 763	31 250
756	Saltspreiarar	150		150					-	
760	Kommunale vegar	2 125	Årleg	2 125	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500	
761	Trafikksikring	625	Årleg	625	625	625	625	625	2 500	
762	Kommunale bygg	3 750	Årleg	3 750	3 125	3 125	3 125	3 125	12 500	
766	Nye ventilasjonsaggregat rådhuset	1 188		1 188					-	
787	Forskottering underg./trafikksikr. Holme	3 000		3 000					-	
789	Ny driftstasjon	10 300	19 300	10 300	9 000				9 000	
791	Utbeotr./opprensning, gangsti og Veilys Mjåtveittjørna	563		563					-	
776	Fortau Mjåtveitvegen	375		375	3 500				3 500	
796	Oppgradering Frekhaug sentrum	875	33 000			875	875		1 750	31 250
	Oppgradering adgangssystem Meland rådhus				300				300	
	Oppgradering heis Meland rådhus				525				525	
	Varmepumpe Meland rådhus				1 188				1 188	
	Sum ordinære driftsmidlar:	124 618		115 143	67 376	82 550	100 125	168 750	418 801	265 000
	Andre kapitalutgifter								-	-
910	Startlån - vidareutlån	7 000	Årleg	7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000	
910	Avdrag på startlån - Husbanken	1 600	Årleg	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	
929	Eigenkapitalinskot KLP	1 050	Årleg	1 050	1 050	1 100	1 100	1 100	4 350	
	Sum andre kapitalutgifter:	9 650		9 650	10 650	11 700	12 700	12 700	47 750	-
	Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter	134 268		124 793	78 026	94 250	112 825	181 450	466 551	265 000
	Finansiering og kapitalinntekter ordinære investeringar									
	Lån Husbanken for vidareutlån	7 000		7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000	
	Mottekne avdrag startlån	1 600		1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	
	Mva-refusjon	19 718		17 823	11 475	14 510	18 025	33 750	77 760	53 000
	Bruk av disp.fond	3 450		3 450					-	
	Bruk av kapitalfond	2 600		1 050	1 050	1 100	1 100	1 100	4 350	
	Lån	99 900		93 870	55 901	68 040	82 100	135 000	341 041	212 000
	Sum finansiering ordinære driftsmidlar:	134 268	-	124 793	78 026	94 250	112 825	181 450	466 551	265 000

	Rev. budsj. 2018	Prosjekt-budsjett	Prognose 2018	2019	2020	2021	2022	Sum 19-22	Seinare
Investeringer i Vassverk og avlaup (ekskl. mva)									
Vatn	47 440	-	20 790	71 600	47 850	13 300	13 100	145 850	-
601 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	25 050		7 600	41 800	25 650			67 450	
656 Vassleidning Tveit-Holme	6 750		6 750					-	
654 VA-kryssing E39	390		390					-	
676 VA-anlegg Meland vassverk - Meland høgdebasseng	10 000		800	16 200				16 200	
677 VA-anlegg Myrvollane-Moldekleiv	500		500	5 600	10 000			15 600	
678 Vassleidning Litlebergen - Flatøy	500		500	4 000				4 000	
VA-anlegg Fosse-Moldekleiv				1 000	9 200	10 300		20 500	
Vassleidning Fosse-Frekhaug							10 100	10 100	
675 Oppgradering VA Frekhaug sentrum	1 250		1 250					-	
680 Mindre prosjekt vatn	3 000	Årleg	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
Avlaup	16 045	-	11 945	18 100	12 700	9 900	3 000	43 700	-
654 VA-kryssing E39	750		750					-	
662 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	4 500		4 500	8 300				8 300	
663 Separering Grønlandsområdet	45		45					-	
668 Sanering Rosslandspollen	1 000		1 000					-	
676 VA-anlegg Meland vassverk-Meland høgdebasseng			200	4 300				4 300	
677 VA-anlegg Myrvollane-Moldekleiv			200	1 800	3 500				
675 Oppgradering VA Frekhaug sentrum	2 250		2 250					-	
691 Avlaupsleidning Meland vassverk - Moldekleiv	4 500							-	
VA-anlegg Fosse-Moldekleiv				700	6 200	6 900		13 800	
690 Mindre prosjekt avlaup	3 000	Årleg	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	
Sum VA-investeringar:	63 485	-	32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550	-
Finansiering og kapitalinntekter VA-investeringar									
Lån	63 485	-	32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550	-
Sum finansiering VA-investeringar:	63 485	-	32 735	89 700	60 550	23 200	16 100	189 550	-
Sum alle investeringar:	197 753	-	157 528	167 726	154 800	136 025	197 550	656 101	265 000
Finansiering og kapitalinntekter alle investeringar									
Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	-	7 000	8 000	9 000	10 000	10 000	37 000	-
Mottekne avdrag startlån	1 600	-	1 600	1 600	1 600	1 600	1 600	6 400	-
Mva-refusjon	19 718	-	17 823	11 475	14 510	18 025	33 750	77 760	53 000
Bruk av disp.fond	3 450	-	3 450	-	-	-	-	-	-
Bruk av kapitalfond	2 600	-	1 050	1 050	1 100	1 100	1 100	4 350	-
Lån	163 385	-	126 605	145 601	128 590	105 300	151 100	530 591	212 000
Sum finansiering alle driftsmidar:	197 753	-	157 528	167 726	154 800	136 025	197 550	656 101	265 000